



Kommuneøkonomien 2020 – 2023

Fylkesmannen har gått gjennom alle 43 kommunane i Vestland sine budsjett og økonomiplanar for 2020 til 2023. I tillegg til kontroll av balanse i budsjetteringa, har vi sett på sentrale økonomiske nøkkeltal¹, og korleis kommunane har følgt opp økonomiplanlegginga etter ny kommunelov.

Gjennomgangen vår viser at fleirtalet av kommunane i Vestland planlegg dei neste fire åra med låge/svake netto driftsresultat, auka lånegjeld og ein reduksjon i fri eigenkapital samanlikna med driftsinntektene. Det er først og fremst 2020 og 2021 som har låge/svake resultat og auka lånegjeld. Men styrkinga for dei to siste åra i perioden, må òg sjåast i samanheng med gjennomføring av større planlagde innsparinger i drifta i fleire av kommunane. I tillegg har kommunane ein meir usikker økonomi som følge av Koronapandemien.

Sidan Bergen kommune grunna sin storleik er i ei særstilling, har vi også kommentert den samla situasjonen der Bergen ikkje er medrekna.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat blir betrakta som hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunane. Dette viser kva kommunen kan disponere til eigenfinansiering av investeringar og avsetjingar, etter at drift av tenester og netto finansutgifter er betalte. Det tekniske berekningsutvalet for kommunal økonomi (TBU) sin norm for kommunane som heilheit, er eit netto driftsresultat over tid på 1,75 prosent av driftsinntektene. Dette må til for å ta vare på kommunanes formue, oppretthalde ein driftsmargin/reserve og setje av midlar til investeringar.

I sum budsjetterer dei 43 kommunane i Vestland med eit netto driftsresultat i 2020 på 254 mill. kroner, som i gjennomsnitt utgjer 0,5 prosent av driftsinntektene. Men Bergen kommune står for nesten heile resultatet åleine, 248 mill. kroner. Det betyr at dei andre 42 kommunane i gjennomsnitt budsjetterer med eit nullresultat. Berre åtte av kommunane har budsjettert med eit netto driftsresultat som ligg over TBU` s anbefalte nivå. I 2019 var resultatet 1,5 prosent, ekskl. Bergen 0,1 prosent.²

For økonomiplanåret 2021 er resultatet i gjennomsnitt budsjettert på tilsvarande nivå, 0,6 prosent (0,2 eks. Bergen). Etter effektar av planlagde innsparinger i fleire av kommunane, er forventa resultat 1,2 prosent (1,05 eks. Bergen) i både i 2022 og 2023. Dette ligg likevel under det anbefalte nivået på 1,75 prosent.

Avsetjingar og bruk av disposisjonsfond

Disposisjonsfond er kommunens frie eigenkapital som kan disponerast i drifta, men skal først og fremst vere ein bufferkapital/reserve som bidreg til å sikre ein langsiktig stabil tenesteproduksjon om det skulle oppstå uføresette hendingar som belastar økonomien. Minimumsnivået for disposisjonsfond må vurderast ut i frå den enkelte kommunens økonomiske risikoprofil.

¹ Alle tal er for kommunekassa, eks. kommunale føretak og anna verksemd som kommunen er ein del av.

² Kjelde for alle 2019-tal: SSB-statistikkbanken.

Fylkesmannen meiner at for kommunane som heilheit, bør minimumsnivået til disposisjonsfond inklusive rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk vere over 5 prosent av driftsinntektene.

Ved inngangen til 2020 var den samla frie eigenkapitalen³ til kommunane i Vestland på 6 mrd. kroner (eks. Bergen 3,2 mrd.). Dette utgjorde 10,5 prosent av driftsinntektene i 2019 (9,5 prosent eks. Bergen).

For 2020 budsjetterer kommunane i Vestland med samla netto bruk av disposisjonsfond på 137 mill. kroner (eks. Bergen 54 mill.). Dette utgjer 0,3 prosent av driftsinntektene. Vidare i økonomiplanperioden er det budsjettet med netto bruk av disposisjonsfond i 2021, medan det grunna planlagt betre netto driftsresultat for 2022 og 2023 er netto avsetjingar for desse åra. I sum for heile økonomiperioden er den frie eigenkapitalen budsjettet til å vere uendra i nominelt beløp, men ein reduksjon samanlikna med driftsinntektene.

Langsiktig gjeld

Ved inngangen til 2020 hadde kommunane i Vestland til saman ei brutto langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar) på 57,1 mrd. kroner (eks. Bergen 37,6 mrd.). Gjelda utgjorde 102 prosent av driftsinntektene i 2019 (eks. Bergen 112 prosent).

For 2020 budsjetterer kommunane i Vestland med nye låneopptak på 6,4 mrd. kroner, eller 12 prosent av driftsinntektene (eks. Bergen 4,1 mrd. / 13 prosent). Avdrag er budsjettet til 2 mrd. kroner (eks. Bergen 1,3 mrd.). I økonomiplanane budsjetterer kommunane samla med ei auke i gjelda til 70 mrd. kroner ved utgangen av 2023 (eks. Bergen 44 mrd.). Ei slik utvikling vil vidareføre dei seinare års auke av lånegjelda samanlikna med driftsinntektene, og for mange kommunar føre til at det blir endå vanskelegare å skaffe balanse i drifta. Det blir difor viktig at kommunane har gode analyser som viser utvikling og samansetjing av gjelda med graden av netto renteeksponering-/risiko. Dette for å ha eit godt grunnlag når det skal takast avgjerder om nye investeringar finansiert med lån.

Økonomiforvaltning etter ny kommunelov

Ettersom 2020 er det første året med økonomiplanlegging etter ny kommunelov, har Fylkesmannen i gjennomgangen av kommunanes budsjett og økonomiplanar hatt særleg merksemd på korleis kommunane har følgt opp ny lov med forskrifter. Vårt inntrykk er at for fleire av kommunane vart budsjett 2020 og økonomiplanen for 2020 – 2023 ei første tilpassing til ny lov og forskrifter. Vi har undervegs i vår gjennomgang hatt dialog med kommunane, formalkrav har blir retta opp administrativt, ved ny handsaming i kommunen eller ved at Fylkesmannen i budsjettbrevet har presisert oppfølgingspunkt for 2021. Særleg gjeld dette manglante økonomiske oversikter for drift og investering, oversyn for utvikling av gjeld og andre vesentlege langsiktige økonomiske forpliktingar og vedtak av finansielle måltal. Vi har òg i budsjettbrevet formidla våre økonomiske vurderingar ut i frå status og slik økonomien er planlagt for dei nærmaste åra. For enkelte kommunar har Fylkesmannen òg funne det nødvendig å presisere kommunestyret sitt ansvar for realisme i budsjetteringa, og at det ikkje er tillate å budsjettere med uspesifiserte innsparinger.

Vedlagt ligg oversyn for sentrale økonomiske nøkkeltal etter kommunanes budsjettering i perioden 2020 – 2023 og budsjettbrevet til kommunane.

³ Disposisjonsfond og mindreforbruk/meirforbruk.

